


10

PETROLEUMSRESSURSANE





Figur 10.1 Petroleumsressursar og usissa i estimata per 31.12.2009
(Kjelde: Oljedirektoratet)

Oljedirektoratet reknar med at dei totale oppdaga og uoppdaga petroleumsressursane på norsk kontinentalsokkel utgjer om lag 13 milliardar standard kubikkmeter olje-ekvivalentar (Sm³ o.e.). Av dette er det produsert i alt 5,3 milliardar Sm³ o.e., som svarar til 40 prosent av dei totale ressursane. Dei totale attervande utvinnbare ressursane utgjer dermed 8,1 milliardar Sm³ o.e. Av dette er 4,8 milliardar Sm³ o.e. påviste ressursar, medan estimatet for dei uoppdaga ressursane er 3,3 milliardar Sm³ o.e.

Samla tilvekst av utvinnbare ressursar frå leiteverksemda i 2009 er 62 millionar Sm³ olje og 83 milliardar Sm³ gass. Det blei gjort 28 nye funn i totalt 72 avslutta leitebrønner. Mange av funna er ikkje ferdig evaluerte, og estimata er difor svært usikre.

Sidan produksjonen tok til på norsk kontinentalsokkel i 1971, er det produsert petroleum frå i alt 78 felt. I 2009 starta produksjonen frå fem nye felt: Alve, Rev, Tyrihans, Volund og Yttergryta. Av dei felta som var i produksjon ved årsskiftet 2009/2010, ligg 52 i Nordsjøen, 12 i Norskehavet og eit i Barentshavet. Plan for utbygging og drift (PUD) for to nye felt, Goliat og Oselvar, blei godkjent i 2009. Det blei innvilga PUD-fritak for Vega Sør olje og for Snorre Eksport.

Figur 10.1 viser estimata for utvinnbare ressursar på norsk kontinentalsokkel. Mengdene er delte inn etter Oljedirektoratet si ressursklassifisering og viser totale ressursar, væske og gass.

Ressursar

Ressursar er eit samleomgrep for teknisk utvinnbare petroleumsmengder. Ressursane blir klassifiserte etter kor modne dei er, sjå figur 10.2. Klassifiseringa viser kor store petroleumsmengder som er vedtekte eller godkjende for utbygging (reservar), kor store mengder som er avhengige av avklaring og vedtak (avhengige ressursar), og kor store mengder ein reknar med vil bli funne (uoppdaga ressursar). Hovudklassane er dermed reservar, avhengige ressursar og uoppdaga ressursar.

Den detaljerte ressursrekneskapen per 31.12.2009 er framstilt i tabell 10.1 og i tabellar i Vedlegg 2.

Reservar

Reservar omfattar attervande, utvinnbare petroleumsressursar i førekomstlar som styresmaktene har godkjent PUD for, eller gitt PUD-fritak for. Reservar omfattar også

petroleumsressursar i førekomstlar som rettshavarane har vedteke å vinne ut, men der styresmaktene enno ikkje har ferdigbehandla planen i form av ei PUD-godkjenning eller eit PUD-fritak.

PUD-godkjenningar og vedtak om auka utvinning på felt har gitt reservetilvekst i 2009, men på grunn av store nedjusteringar av reservane på fleire felt, mellom anna Ormen Lange og Heidrun, er brutto gass- og væskeresservar redusert med 4 millionar Sm³ o.e. i 2009. Då det samstundes blei produsert 233 millionar Sm³ o.e. i 2009, viser ressursrekneskapen ein netto reduksjon i attervande reservar på 237 millionar Sm³ o.e. som svarer til om lag 7 prosent.

Når det gjeld styresmaktene sitt mål om å modne fram 800 millionar Sm³ olje til reservar før 2015, blei 64 millionar Sm³ olje bokførte som nye reservar i 2009. I perioden frå 2005 til 2009 har samla reservetilvekst vore på totalt 294 millionar Sm³ olje.

Avhengige ressursar

Avhengige ressursar omfattar påviste petroleumsmengder som ein enno ikkje har vedteke å produsere. Avhengige ressursar i felt, ikkje medrekna ressursar frå moglege framtidige tiltak for auka utvinning (ressurskategori 7A), auka med 98 millionar Sm³ o.e. Årsaka til dette er at dei i 2009 har vore ei generell modning av ressursar i prosjekt på felt. Det er felta Troll, Ekofisk og Eldfisk som bidrar mest til denne auka.

Estimatet for avhengige ressursar i funn er justert ned med 59 millionar Sm³ o.e., til 716 millionar Sm³ o.e. Sjølv om tilveksten av ressursar frå nye funn har vært positiv, kan reduksjonen blant anna forklarast ved at ressursar er modne til reservar for funna Goliat, Oselvar og 33/9-6 Delta. I tillegg er ressursanslaga for tre av funna i Norskehavet og eit funn i Barentshavet redusert med til saman 93 millionar Sm³ o.e. i forhold til fjorårets rekneskap.

Ressurspotensialet for moglege framtidige tiltak for auka oljeutvinning (ressurskategori 7A) er endra i høve til i fjor. Estimatet for olje er 160 millionar Sm³ o.e. og estimatet for gass er 70 mill Sm³ o.e.

Uoppdaga ressursar

Uoppdaga ressursar omfattar petroleumsmengder som ein reknar med finst i definerte leitemodellar, stadfesta og ikkje-stadfesta, men som enno ikkje er påviste ved boring

(ressurskategoriene 8 og 9). Estimert over dei totale uoppdaga ressursane er redusert til 3,3 milliardar Sm³ o.e. som følgje av at estimatet for Barentshavet er redusert med 120 millionar Sm³ o.e. frå i fjor.

Nordsjøen


Produksjonen frå Nordsjøen det siste året var på 155 millionar Sm³ o.e. inklusiv historisk korreksjon av kondensat for felta Gungne, Sigyn, Sleipner Vest og Sleipner Øst. Tilveksten av brutto reservar var 70 millionar Sm³ o.e. Dette førte til at atterande reservar i Nordsjøen blei reduserte med 85 millionar Sm³ o.e. Avhengige ressursar i felt auka med 108 millionar Sm³ o.e. blant anna som følgje av at fleire prosjekt for auka utvinning, spesielt på felta Troll, Ekofisk, Eldfisk og Tor, blei modna frå ressurskategori 7A til ein meir moden ressurskategori. Avhengige ressursar i funn auka med 72 millionar Sm³ o.e. etter ein relativt god ressurstilvekst frå leiting, og auka ressursestimat for fleire av funna i Nordsjøen. Det er gjort 21 nye funn i Nordsjøen i 2009.

Norskehavet

Produksjonen frå Norskehavet i 2009 var 74 millionar Sm³ o.e. Som følgje av ein betydelig reduksjon av reservar i Ormen Lange og Heidrun, blei atterande reservar reduserte med 187 millionar Sm³ o.e. i høve til i fjor. Det er gjort sju nye funn i Norskehavet i 2009. Likevel er estimatet for avhengige ressursar i funn redusert med 6 millionar Sm³ o.e. i høve til rekneskapen i fjor. Årsaka er blant anna reduserte ressursestimat for 6406/9-1 Onyx og 6506/6-1 Victoria.

Barentshavet

Produksjonen frå Barentshavet i 2009 var på 4 millionar Sm³ o.e. Atterande reservar har auka med 34 millionar Sm³ o.e., medan avhengige ressursar er redusert med 126 millionar Sm³ o.e. Endringane er mellom anna ein følgje av at ressursane i Goliat har modna til reservar, i tillegg til at tre funn er omklassifisert til RK 6. Det er ingen nye funn i Barentshavet i 2009.



Figur 10.2 Oljedirektoratet si ressursklassifisering (Kjelde: Oljedirektoratet)

Tabell 10.1 Ressursrekneskapen per 31.12.2009

Totalt utvinnbart potensial Prosjektstatuskategori	Ressursrekneskap per 31.12.2009					Endring frå 2008				
	Olje mill Sm ³	Gass mrd Sm ³	NGL mill tonn	Kond mill Sm ³	Total mill Sm ³ o.e.	Olje mill Sm ³	Gass mrd Sm ³	NGL mill tonn	Kond mill Sm ³	Total mill Sm ³ o.e.
Produsert*	3521	1440	124	91	5287	116	107	8	-5	233
Attverande reservar**	868	2046	116	35	3169	-51	-170	-4	-8	-237
Avhengige ressursar i felt	367	249	27	3	670	34	68	-1	-2	98
Avhengige ressursar i funn	208	454	16	24	716	-3	-58	2	-3	-59
Moglege framtidige tiltak for auka utvinning ***	160	70			230	15	-7	0	0	8
Uoppdaga	1200	1825	0	255	3280	-60	-50	0	-10	-120
Sum totalt	6324	6083	283	409	13353	50	-110	5	-28	-78
Nordsjøen										
Produsert	3068	1263	99	66	4585	93	61	5	-8	155
Attverande reservar**	658	1366	65	3	2152	-50	-39	0	4	-85
Avhengige ressursar i felt	327	176	13	1	529	41	69	0	-2	108
Avhengige ressursar i funn	178	188	8	15	398	48	18	4	-1	72
Uoppdaga	620	500		55	1175	0	0	0	0	0
Sum	4852	3494	186	141	8839	132	109	8	-6	250
Norskehavet										
Produsert	453	171	25	24	695	22	42	4	2	74
Attverande reservar**	179	517	44	15	796	-32	-135	-5	-12	-187
Avhengige ressursar i felt	40	66	14	1	133	-7	1	-1	0	-8
Avhengige ressursar i funn	29	218	8	5	267	8	-8	-1	-4	-6
Uoppdaga	225	825		145	1195	5	0	0	-5	0
Sum	926	1797	90	191	3085	-3	-100	-3	-19	-127
Barentshavet										
Produsert	0	6	0	1	8	0	3	0	1	4
Attverande reservar**	31	162	6	17	222	31	4	0	-1	34
Avhengige ressursar i felt	0	7	0	1	8	0	-1	0	0	-2
Avhengige ressursar i funn	0	48	0	4	52	-59	-68	0	2	-126
Uoppdaga	355	500		55	910	-65	-50	0	-5	-120
Sum	386	722	7	78	1199	-94	-112	0	-3	-209

* Inkluderer historisk sal av gass frå Tambar samt ein historisk korreksjon av kondensat frå felta Gungne, Sigyn, Sleipner Vest og Sleipner Øst.

** Inkluderer ressurskategoriane 1, 2 og 3.

***Ressursar frå framtidige tiltak for auka utvinning er berre rekna ut for totalt utvinnbart potensial, og ein har ikkje fordelt det moglege potensialet for kvart område.